

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

*Saksmappe*

2017/3937-2

*Saksbehandlar*

Gunn Tove Petterteig

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

## Uttale vedkommande nye vegnummer for fylkesvegane i Hordaland

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune er svært usamd med framlegg til ny vegnummerering i Hardanger og Kvinnherad. Kvinnherad kommune krev at fylkesveg 48 vert skilta til Bergen tilsvarande fylkesveg 49. Dette grunngjeve med at fylkesveg 48 gjennomgåande har betre vegstandard enn fylkesveg 49, prisen for dei vegfarande er monaleg lågare og både ferjefrekvens og kapasitet på ferjestøa i Kvinnherad er monaleg betre enn på sambandet Jondal-Tørrvikbygd (fv. 49).

### Saksutgreiing:

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har sett at det er trong for å endra vegnummer i Hardanger og Kvinnherad slik at ein får ei meir sams vegnummerering. Utval for miljø og samferdsel i fylkeskommunen er orientert om saka.

Fristen for å koma med ein uttale er 13 oktober 2017.

Fagnotatet med forslag til nye vegnummer er lagt ved saka i vedlegg 1.  
Statens vegvesen føreslår tre hovudruter som får tosifra fylkesvegnummer.

Det er:

- 48 (Bergen) Tysse – Eikelandsosen - Gjermundshamn (Rosendal/ Husnes)
- 49 Bergen – Norheimsund - Jondal – Odda
- 54 (Odda) – Gjerde – Rosendal – Husnes – Stord

Slik vi forstår dette betyr dette i praksis at all trafikk som skal til Bergen som går gjennom Odda blir ført med skiltinga til Jondal – Norheimsund og vidare gjennom Steinsdalen til Bergen. Denne vegen (vegnummer 49) er, i følge NAF ruteplanleggar, i teorien 5 minutt kortare enn over Årsnes – Gjermundshamn (vegnummer 48) og den er 109 kroner dyrare (drivstoff, ferje pluss bompengar). I tillegg har ferja mellom Jondal og Tørrvikbygd avgang omlag ein gong per time. Siste ferja på kvardag går klokka 22.20. Dette gjer at det logisk blir noko meir ventetid og trafikken blir mindre effektiv.

### Effektiv trafikkavvikling

Vegen Odda - Årsnes – Gjermundshamn – Eikelandsosen - Tysse - Bergen har oftare ferjeavgangar, nattferjer, ikkje bompengar og stort sett betre vegstandard. Vi er sikre på at om dette vart kjent for ukjente bilistar ville mange valt ruta frå Odda – Årsnes – Gjermundshamn – Eikelandsosen – Tysse til Bergen.

Kvinnherad kommune meinar difor at skiltinga blir missvisande dersom all trafikken som går via Odda blir lost gjennom Jondal.

### **Turisme og Næringsliv**

Kvinnherad kommune er ein stor turist-kommune med mykje trafikk til Baroniet Rosendal og andre besøksmål i heile kommunen. Det viser seg at mange spesielt utanlandske turistar kjem via Bergen til Kvinnherad. Fleire og fleire turistar kjem med bil og må losast til Gjermundshamn - Årsnes - Rosendal. Vi er opptekne av at turistane skal finna fram og ha ei god oppleving av effektiv framkome. Vidare er det mange store næringsverksemder i kommunen med mykje varetransport frå Bergen. Begge desse momenta gjer at det er viktig å framheva ferjestrekninga Årsnes – Gjermundshamn ved skilting til og frå Bergen.

### **Kvinnheradpakken**

I Kvinnherad har vi satsa på god vegstandard og vi har utarbeida ein bompengesøknad for «Kvinnheradpakken», med bl.a. bompengar på ferjesambandet Årsnes – Gjermundshamn. Det at dette sambandet vert nedprioritert i høve skilting, vil føra til tapte bompengeinntekter og i verste fall redusert ferjefrekvens (2 til 1 ferje). Dette er heilt uakzeptabelt.

### **Miljømessig konsekvens:**

Inneffektivt trafikkmønster fører til meir CO2 utslepp.

### **Økonomisk konsekvens:**

- For næringslivet er det viktig at trafikken blir losa rett. God trafikkflyt med lite ventetid, økonomisk køyring og god vegstandard er tid spart og pengar tent.
- «Kvinnheradpakken» kan tapa bompengeinntekter dersom det blir mindre trafikk over Årsnes.

### **Vedlegg:**

1. Framtidig bruk av vegnummer i Hardanger og Kvinnherad
2. Uttale frå Hardangerrådet